



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# Prop. 134 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Samferdselspakke for Kristiansandsregionen i Vest-Agder, fase 1 – forlenging av bompengoordninga

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 11. mai 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Samferdselspakke for Kristiansandsregionen, fase 1 blei vedtatt av Stortinget i 2009 gjennom handsaminga av St.prp. nr. 98 (2008–2009) Om utbygging og finansiering av Samferdselspakke for Kristiansandsregionen, fase 1, jf. Innst. nr. 82 S (2009–2010). Gjennom handsaminga av Prop. 156 S (2012–2013) slutta Stortinget seg i 2013 til innføring av tidsdifferensierte bompengetakstar, jf. Innst. 434 S (2012–2013). Samferdselspakka omfattar prosjekt og tiltak for om lag 2,3 mrd. kr, rekna om til 2017-prisnivå. Etter prognosen vil pakka vere nedbetalt tidleg i 2018.

Kristiansand kommune ønskjer no å forlengje innkrevjinga i to år fram til tidleg i 2020, eller til den eventuelt blir avløyst av ei ny bompengepakke for Kristiansandsregionen. Samstundes har lokale styresmakter slutta seg til endringar i takst- og rabattstrukturen i tråd med det som er lagt til grunn i Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016), jf. Innst. 13 S (2015–2016). Midlane er planlagt nytta til planlegging av ei ny bompengepakke og grunnerverv. I tillegg er det aktuelt å prioritere ombygging av E18 Håneskrysset og ulike sykkel- og kollektivtrafikktiltak.

Med bakgrunn i dette legg Samferdselsdepartementet fram forslag om at dagens innkrevjings-

ordning i Kristiansandsregionen blir forlengja med inntil to år. I tillegg blir takst- og rabattstrukturen justert.

### 2 Lokalpolitiske vedtak

Forslag om forlenging av innkrevjingsperioden og justering av takst- og rabattstrukturen for Samferdselspakke for Kristiansandsregionen, fase 1 blei sendt aktuelle kommunar og Vest-Agder fylkeskommune for handsaming våren 2016.

Bystyret i Kristiansand gjorde 22. juni 2016 følgjande vedtak:

1. *Samferdselspakke Kristiansand fase, 1 forlenges med om lag 2 år, i tråd med saksutredningen fra Statens vegvesen Region sør.*
2. *Det legges til grunn at Vest-Agder fylkeskommune bekrefter sitt bidrag på 80 mill. 2016-kr, fordelt med 40 mill. kr på hvert av årene 2018 og 2019.*
3. *Midlene disponeres slik det går fram av saksutredningen fra Statens vegvesen Region sør, og med de rammer for porteføljestyring som der legges til grunn.*
4. *Garantien om 50% av bomselskapets gjeld i henhold til vedtak av 23.05.2007 videreføres med selvskyldnerkausjon for to års forlengelse av*

*Samferdselspakke, fase 1 utover opprinnelig innkrevingsperiode. Det legges til grunn at Vest-Agder fylkeskommune gjør tilsvarende vedtak.*

5. *Det anbefales at eventuelle overskytende midler til rv 41/rv 451 Timenes – Kjevik fra opprinnelig ramme i Samferdselspakke, fase 1 kan omdisponeres til Sykkel- og kollektivtiltak mv. som vist i saksgrunnlaget fra Statens vegvesen.*
6. *Når brikkerabatt for tunge kjøretøy bortfaller, reduseres takstene for disse til 36 kroner i rushtid og 24 kroner utenom rush. Rabattsatsen 20 pst. for lette kjøretøy elektronisk brikke og gyldig avtale utvides til også å gjelde slike kjøretøy med avtale fra andre bompengeselskap. Taksten for lette kjøretøy settes til 21 kroner i rush og 14 kroner utenom rush (2013–kroneverdi). Takstene justeres til 2018-kr ved ikrafttredelse av forlengelsesperioden. For øvrig videreføres dagens ordninger for passeringstak 50 per måned og timesregel – slik det ble vedtatt ved innføringen av tidsdifferensierte takster gjennom Stortingets behandling av Prop. 156 S (2012–2013)*
7. *Nye statlige regelverk åpner for at det i samferdselspakker kan søkes om å bruke bompenger til buss. Bystyret ønsker å vurdere en mulighet for å innføre en slik ordning mot slutten av den forlengede bomperioden det nå søkes om, og ber administrasjonen om å varsle departement og Stortinget om dette i søknadsteksten.*
8. *Bystyret ber administrasjonen om å utarbeide en evalueringsrapport som berører de sosioøkonomiske konsekvensene rushtidsavgiften har hatt i Kristiansandsregionen. Evalueringen vil være en del av beslutningsgrunnlaget for fremtidige søknader om belønningsmidler og bymiljøavtalen.*

Vest-Agder fylkesting gjorde 21. juni 2016 følgende vedtak:

1. *Fylkestinget er enig i at Samferdselspakke for Kristiansandsregionen, fase 1 forlenges med om lag 2 år, i tråd med saksutredningen.*
2. *Midlene disponeres slik det går fram av saksutredningen fra Statens vegvesen Region sør, og med de rammer som der legges til grunn. Det utarbeides en samlet oversikt over hvilke av de nevnte tiltak som styrker kollektivtrafikkens konkurransekraft og konkurransekraft for gående og syklende, samt omdisponering av midler til sykkelspressvei som er fullfinansiert av staten.*
3. *Fylkestinget viser til sitt vedtak av 18. juni 2007 om å garantere for 50 prosent av bompengeselskapets gjeld. Fylkeskommunen viderefører garanti med selvskyldnerkausjon for to års forlengelse av Samferdselspakke, fase 1 ut over opprinnelig innkrevingsperiode. Garantien tar*

*utgangspunkt i at maksimalt låneopptak reduseres til 200 mill. kr. Det legges til grunn en beregningsteknisk lånerente på 5,5 prosent. Det er et vilkår at garantien blir sikret i 1. prioritet i retten til å kreve inn bompenger. Det tas forbehold om Stortingets samtykke til forlengelse av garantien. Garantien gjelder inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt.*

4. *Fylkestinget anbefaler at eventuelle overskytende midler til rv 41/rv 451 Timenes – Kjevik fra opprinnelig ramme i Samferdselspakke, fase 1 kan omdisponeres til Sykkel- og kollektivtiltak mv. som vist i saksgrunnlaget fra Statens vegvesen.*
5. *Når brikkerabatt for tunge kjøretøy bortfaller, reduseres takstene for disse til 36 kroner i rushtid og 24 kroner utenom rush. Rabattsatsen på 20% for lette kjøretøy med elektronisk brikke og gyldig avtale utvides til også å gjelde slike kjøretøy med avtale fra andre bompengeselskap. Taksten for lette kjøretøy settes til 21 kroner i rushtid og 14 kroner utenom rushtid (2016–kroneverdi). For øvrig videreføres dagens ordninger for passeringstak på 50 per måned og timesregel – slik det ble vedtatt ved innføringen av tidsdifferensierte takster gjennom Stortingets behandling av Prop. 156 S (2012–2013).*
6. *Statens vegvesen (Vegdirektoratet) anmodes om å samarbeide for å sikre at dagens nivå på kollektivtilbudet ikke blir redusert. Det kan innebære at dagens belønningsordning for Kristiansandsregionen videreføres fra 1. januar 2017 på minimum dagens nivå.*

### 3 Forslag til finansieringsopplegg og aktuelle tiltak

#### Forslag til finansieringsopplegg

Finansieringsopplegget som har vore til lokalpolitisk behandling, er basert på innkrevjing av bompengar i ytterlegare to år, i tillegg til fylkeskommunale og statlege midlar:

- Eit fylkeskommunalt tilskott på til saman 80 mill. kr, fordelt med 40 mill. kr i kvart av åra 2018 og 2019.
- Eit statleg tilskott på til saman 50 mill. kr, fordelt med 30 mill. kr til prosjektet E18 Håneskrysset og 20 mill. kr til planlegging av riksvegtiltak.
- Det er rekna med at ei forlenging av innkrevjinga med to år vil gi eit samla bompengetilskott til gjennomføring av aktuelle prosjekt og tiltak for om lag 400 mill. kr. Det er då lagt til grunn at bompengeselskapet skal kunne ta opp

noko lån. Både Kristiansand kommune og Vest-Agder fylkeskommune har vedteke å forlengje tidlegare vedtekne garantiar for bompengelån med to år, jf. kap. 2.

Samferdselsdepartementet viser til at omfanget av statlege midlar må vurderast på vanleg måte, og endelege vedtak blir fatta i dei årlege statsbudsjetta.

#### *Aktuelle tiltak*

I grunnlaget for den lokalpolitiske handsaminga er det lagt til grunn midlar til planlegging og grunnverv. Mykje av dette er føresett nytta til vidare planlegging og prosjektering av E39 på strekninga Gartnerløkka – Kolsdalen. I tillegg kjem innløyising av bustader langs regulerte strekningar på E39 og planlegging av programområde-tiltak. Vidare er ombygging av Håneskryss på E18 til eit fullstendig toplanskryss eit prioritert tiltak. Dette vil gi betre trafikkavvikling og trafikktryggleik på E18 i Kristiansand når ny Varoddbru etter planen opnar for trafikk i 2020. Det er også lagt til grunn midlar til sykkel- og kollektivtrafikktiltak, både tiltak som det ikkje er rom for innafor den vedtekne økonomiske ramma for bompengepakka, og tiltak som er vurderte som aktuelle å prioritere innafor ei ny bompengepakke.

Samferdselsdepartementet strekar under at omfanget av prosjekt og tiltak må tilpassast endelege økonomiske rammer. Departementet legg vidare til grunn at dagens praksis for prioritering mellom ulike sykkel- og kollektivtrafikktiltak blir vidareført.

I St.prp. nr. 98 (2008–2009) er det føresett om lag 120 mill. kr til tiltak for å ruste opp rv 41/rv 451 mellom Timenes og Kjevik. I første omgang blei det lagt opp til å nytte om lag 40 mill. kr til gang- og sykkelveggar og planskilte kryssingar for gåande og syklende. Som det går fram av dei lokalpolitiske vedtaka i kap. 2, ønskjer både Kristiansand kommune og Vest-Agder fylkeskommune å nytte eventuelle overskytande midlar til

sykkel- og kollektivtrafikktiltak. Samferdselsdepartementet har ingen merknader til eit slikt opplegg.

## **4 Forslag til revidert takst- og rabattstruktur**

Lokale styresmakter har slutta seg til justeringar i takst- og rabattstrukturen i tråd med innhaldet i Prop. 1 S Tillegg nr. 2 (2015–2016), jf. Innst. 13 S (2015–2016). Endringane inneber at dagens rabatt på 20 pst. for lette køyretøy med lokal avtale blir ført vidare for alle køyretøy med elektronisk brikke i takstgruppe 1. For tunge køyretøy i takstgruppe 2 blir det ikkje lenger rabatt. Som kompensasjon for dette er det lagt til grunn ein reduksjon i grunntaksten for køyretøy i takstgruppe 2. Det blir inga endring i ordninga med timesregel og passeringstak. Avgrensing av rushperiodane blir også ført vidare som i dag.

Følgjande takstgrupper og takstar blir etter dette lagt til grunn for perioden som avtalen blir forlengd:

- Takstgruppe 1 (køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3 500 kg og køyretøy i køyretøygruppe M1): 21 kr i rushperiodane og 14 kr utanom rushperiodane. Dette er ei vidareføring av takstar som gjeld i dag.
- Takstgruppe 2 (køyretøy med tillaten totalvekt frå og med 3 501 kg med unnatak av køyretøy i køyretøygruppe M1): 36 kr i rushperiodane og 24 kr utanom rushperiodane. Dette inneber ein reduksjon på høvesvis 6 kr og 4 kr samanlikna med takstar som gjeld i dag.

Som omtala i Prop. 1 S (2015–2016), legg regjeringa opp til ei ny organisering av bompengesektoren med fem regionale bompengeselskap. Samferdselsdepartementet føreset at Samferdselspakke for Kristiansandsregionen, fase 1 blir lagt inn i eit av dei nye regionale bompengeselskapa når dei er etablerte.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om Samferdselspakke for Kristiansandsregionen i Vest-Agder, fase 1 – forlenging av bompengerordninga.

---

Vi **HARALD**, Norges Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om Samferdselspakke for Kristiansandsregionen i Vest-Agder, fase 1 – forlenging av bompengerordninga i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om Samferdselspakke for Kristiansandsregionen i Vest-Agder, fase 1 – forlenging av bompengerordninga

Stortinget samtykkjer i at:

1. Bompengeselskapet får løyve til å krevje inn bompengar i ytterlegare to år til prosjekt og tiltak i Samferdselspakke for Kristiansandsregionen, fase 1 i Vest-Agder. Vilråra går fram av denne proposisjonen.
2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.